

NVE

Bjerkreim Bondelag  
v/leiar Bente Gro M. Slettebø  
Heiavegen 555 A  
4387 Bjerkreim

23.02.16

## Ang IVAR sin søknad om konsesjon til å få nytta Birkelandsvatnet i Bjerkreim Kommune til drikkevasskjelde

---

IVAR treng meir drikkevatt til innbyggjarane i dei 13 eigarkommunane sine. Dei har sett seg ut Birkelandsvatnet i Bjerkreim til det. Vatnet ligg i nordre del av kommunen, er 5,4 km<sup>2</sup> stort og er på det djupaste 90 m. Det er ein del av landets femte beste lakselver; Bjerkreimsvassdraget.

**I nedslagsfeltet til vatnet ligg der 40 gardar**, 4000 daa dyrka jord, 3500 daa innmarksbeite, og der bur 375 menneske . Til tross for at dette vatnet ikkje ligg innanfor IVAR sin region har selskapet i lang tid hatt store planar for vatnet . Til tross for at både kommune og grunneigarar seier neitakk har dei sidan forrige århundre arbeidd for å få meir vatn frå Bjerkreim.

Nå har dei sendt inn konsesjonssøknad til dykk. Får dei positivt svar på den er bøndene og matproduksjonen i området satt i andre rekke for alltid.

**Utredningane til IVAR** gir dei svara IVAR treng. Fisken kjem ikkje til å li noko naud, og dei treng ikkje søkja om klausulering av landbruket . Dei har i møter argumentert med at der er mange drikkevannskjelder til store folkemengder i Norge som er utan klausulering. Det dei ikkje har sagt er at dei eksempla dei bruker er vatn som er 4 gonger så store i areal eller 5 gonger så djupe som Birkelandsvatnet.

**Men det er klausulering bøndene fryktar.** Dette kan søkjast om i ettertid, både av IVAR, Mattilsynet, Institutt for folkehelse mm. IVAR seier dei vil forholde seg til EU sitt vassdirektiv, men korleis er det om 20år? Dei seier det kjem ingen restriksjonar, men kan ikkje gi garantiar. Bjerkreim Bondelag ynskjer ikkje at matprodusentane våre der skal tvingast til å ha ei drikkevasskjelde til over 300 000 menneske som nærmaste nabo. Så lenge det vert drikkevatt er det ei bøl og ein brems på grunneigarane. Og me treng dei i drift. Dei utgjør 1/5 av gardane i Bjerkreim.

**Der er alternativ.** Litt lenger opp i fjella ligg Store Myrvatn. Det er like godt, det viser konsekvensutgreiinga som de påla IVAR å ta. Men det kostar 800 mill å byggja ut, mot 200 mill for Birkelandsvatnet. Men her er ikkje medrekna evt erstatning ved klausulering av dei 40 gardane. I desse dagar byggjer dei eit reinseverk til 1 milliard. Er det rett at dei skal ta seg tilrette i nabokommunen av økonomiske hensyn?

**Bjerkreim bondelag vil be NVE innstendig om å ikkje gi IVAR konsesjon til å nytta Birkelandsvatnet som drikkevasskjelde. Me ber dykk om å sjå forbi tal og tomme forsikringar. Me ber dykk kjenna på faren det er for moderne matproduksjon og ivrige bønder å få tredd ansvaret for eit drikkevatt som næraste nabo nedover hovudet. Der er eit alternativ! Det kostar meir, men der er ufatteleg mange å dela det på.**

**Me kjem med motsegn på konsesjonssøknaden og gjer det med utgangspunkt i desse punkta:**

- Vatnet ligg midt i eit aktivt jordbruksområde
- Grunneigarar og Kommune ber om at det ikkje vert nytta til drikkevatt.
- Ei drikkevasskjelde vil vera ein byrde og ikkje eit gode i område. Det er sannsynleg å venta at ei drikkevasskjelde vil setja større krav til utgreiing, dokumentasjon og avbøtande tiltak for arealbruk i nedslagsfeltet.
- Me veit at fleire bondelag som mottok vatn frå IVAR ikkje ynskjer å få vatn frå ei drikkevasskjelde som kan bandleggja jordbruksjord.
- **Forsikringar frå IVAR om at det ikkje er nødvendig å be om klausulering er lite truverdige**
- Birkelandsvatnet er mykje mindre i areal og dybde enn andre vasskjelder utan klausulering
- IVAR ynskja for få år sidan å kjøpa eit gardsbruk for å laga rensedammar der. Dei grunnvav det med at det var for å betrygga befolkninga i Bjerkreim, ikkje fordi dei trong dammar.
- Storsamfunnet vil for alltid gå føre grunneigarane i nedslagsfeltet om det vert drikkevatt. Å seia at ein aldri treng klausulering er då tome forsikringar. Dei kan ikkje gi garantiar som er uendelige i tid. Dette er ein faktor som ikkje kan målast, berre spåast.
- Me har blitt gjort kjent med at drikkevassforskrifta er ute på høyring. Om dette stemmer så er eit av punkta målet om at folket mottok ubehandla vatn i størst mogleg grad. Noko som taler for meir restriksjonar og større varsemnd i nedslagsfelta.
- Der er eit likeverdig alternativ. Det er mogleg å dekkja behovet for drikkevatt til IVAR si aukande mengd mottakarar ved å ta ut vatn frå Store Myrvatn i Gjesdal. Her er konfliktnivået på null og det ligg i IVAR sitt eige område. Det er kun prisen som er ulik på dei to. Me tykkjer det er feil om NVE lar IVAR bruke økonomi som grunn for å velga Birkelandsvatnet framfor Store Myrvatn.
- I kostnadskalkuleringa ved utbygging av ny drikkevasskjelde tykkjer me det er rett at IVAR i Birkelandsrekneskapet må rekna med erstatning ved evt klausulering av jorda i nedslagsfeltet. Dei seier dei mest sannsynleg ikkje treng klausulering. Men me tykkjer det er rett at dei reknar med verst mogleg utfall og, og det er om ein må bandleggja areala. Samtidig så tykkjer me det er rett at dei og reknar på om vatn frå Store Myrvatn kan brukast i kraftproduksjon på veg til kranane. Det er jo eit positivt utfall. Då må vernet av Maudalsvassdraget opphøyra, men det er ikkje umogleg inn i framtida der krafta skal vera rein og bærekraftig.
- Me vil og be NVE pålegga IVAR å informera alle grunneigarar i nedslagsfelta til drikkevasskjelda dei skal bruke. Me tykkjer det er urimeleg at grunneigarane sjølv skal måtte fylgja med for å ha rettigheter ved bandlegging o.l.